

Tilknyttede organisasjoner;



Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

Molde, 5 juli 2024

Dette brevet sendes på vegne av Norges Jeger- og Fiskerforbund Møre og Romsdal, Birdlife Møre og Romsdal, Naturvernforbundet i Møre og Romsdal, Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal, Sunnmøre Friluftsråd, DNT Romsdal, DNT Sunnmøre, Kristiansund og Nordmøre Turistforening, KFUK-KFUM speiderne, Norges Speiderforbund, Romsdal Kystlag, Molde Kajakklubb og 4 H Møre og Romsdal.

Klage - utslippsløve for landbasert oppdrettsanlegg på Tøfta i Averøy kommune

FNF Møre og Romsdal bryr seg mellom anna om naturmangfoldet og har i utgangspunktet vore positiv til landbaserte oppdrettsanlegg i høve til opne anlegg i sjø. Men føresetnaden for dette er at anlegget blir rett plassert. I dette tilfellet med Tøfta er dette anlegget absolutt feil plassert grunna området naturkvalitetar. Vi har difor to gonger, i 2016 og 2023, meint at å leggje eit landbasert oppdrettsanlegg på Tøfta er feil (sjå vedlegg).

FNF Møre og Romsdal klager på utslippsløvet gitt for det landbaserte oppdrettsanlegget på Tøfta i Averøy kommune. Området utafor Tøfta er rik på korallforekomstar etc og førevar prinsippet i Naturmangfoldlova tilseier at denne usikkerheiten rundt kor dei registrerte naturtypene i område vil bli påvirket av anlegget, talar for å verne om sjønaturen.

Vi forstår fordelane med lukka anlegg ved at ein har moglegheita til til å reinse utslippet før det når resipienten. Men då blir samstundes utslippet konsentrert i eit utslippspunkt. Vi les at avløpsvannet fra anlegget skal slippes ut i sjø fra mellom 0 - 10 meter i en østlig retning og at utslippet vil primærtfortynnes i umiddelbar nærhet. Det betyr jo at ein fort får



Samarbeidsnettverk mellom natur- og friluftslivsorganisasjoner
moreogromsdal@fnf-nett.no | Idrettsvegen 2, 6413 Molde | tlf 46 43 14 27
organisasjonsnummer 916 451 954 | www.fnf-nett.no/moreogromsdal

akkumulering av giftstoff frå verksemda som tungmetall, legemiddel, vaske og desinfeksjonsmiddel og stoffer i fôret. Dette kan auke risikoen for påverknad lokalt.

I dei seinare år har vi meir og meir opna augene for verdien av naturmangfoldet i sjøen. Den marine naturen er jo like viktig som anna natur - utfordringa ligg mykje i at vi har lite kartlegging av marin natur. Så er det slik at i 2022 blei det gjennomført korallforekomstundersøkelse i området ved Tøfta. Vi les i utgreiinga blant anna; *«Miljørapportene fra resipienten gir et bilde på svært gode miljøforhold med variasjoner i naturtyper, gode forhold for bunndyr og bra vannutskifting. I forbindelse med konsekvensutredningen ble det registrert to marine naturtyper med **svært stor verdi**, en lokalitet med større taeskogsforkomst og en hardbunnskorallskog. Tre marine naturtyper hadde **stor verdi**, en hardbunnskorallskog og to skjellsandforekomster. I tillegg ble det registret et funksjonsområde for sjøfugl og hverdagsnatur. «*

Konklusjonen var at registreringer av korallskoger i område og topografien tilseier at området er rikt på korallforekomstar. I utgreiinga til Statsforvaltar blir det mellom anna uttalt; *«Det forventes at de to vannforekomstene «Kristandsund-ytre» og «Bremnesfjorden» skal tåle utslippet. Det er noe usikkerhet rundt hvordan de registrerte naturtypene i område vil bli påvirket. Det er spesielt mye usikkerhet rundt påvirkningen på korallforekomstene. «*

Vi har føre-var prinsippet i Naturmangfoldlova som tilseier at er ein usikker på konsekvensane av eit inngrep i naturen, så let ein det vere. Vi meiner at her skal usikkerheita tale til naturens fordel og ein skal difor ikkje gi utsleppsløyve til dette landbaserte oppdrettsanlegget på Tøfta. Dette støtter også våre tidlegare utsagn om at landanlegget er feil plassert.

Helsing

Forum For Natur og Friluftsliv Møre og Romsdal

Ingbjørn Bredeli

Fylkeskoordinator
FNF Møre og Romsdal

Vedlegg;

Uttale – Landbasert oppdrettsanlegg på Tøfta i Averøy kommune 1 feb. 2023

Uttale frå FNF Møre og Romsdal av 25.10.2016 til søknad om landbasert oppdrettsanlegg på Tøfta